



Arkivnr: 2018/16480-52
Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------|--------|------------|
| Fylkeseldrerådet i Hordaland | | 14.03.2019 |

Høyrings svar - ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom

Samandrag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift om råd for eldre, for personer med funksjonsnedsetting og for ungdom. Høyringsnotatet vart sendt til rådsmedlemmane på e-post 17.01.19, og er dessutan tilgjengeleg på [regjeringa sine nettsider](#). Høyringsfrist er 01.04.19.

I møte i fylkeseldrerådet 17.01.19 vart det gjort følgjande vedtak i PS 14/19:

Fungerande leiar, Gunda Falao Sparre, lagar til neste møte 14.03.19 forslag til uttale om ny «forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom». Høyringsnotatet sendast ut på e-post til rådsmedlemmane etter møtet 17.01.2019.

Forslaget til høyrings svar (vedlagt) vart sendt til rådsmedlemmane på e-post 31.01.19, med frist for tilbakemeldingar innan 21. februar. Det kom ingen tilbakemeldingar innan fristen.

22. februar fekk fylkeseldrerådet brev frå Pensjonistforbundet, med oppmoding om å svare på høyringa. Denne oppmodinga, vedlagt Pensjonistforbundet sitt høyrings svar samt oversikt over argument, ligg vedlagt.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslaget til høyrings svar slik det ligg føre.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.